

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020

Avrøysting

Innstillinga vart samråystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ser det som positivt med ein føreseieleg og strukturert årleg ruteendringsprosess, med felles praksis for heile Vestland. Fylkesutvalet ber administrasjonen om å etablere ruteendringsprosessen slik det er skissert i saka.
2. Fylkesutvalet støttar overordna skisse lagt fram i saka, for bruk av belønningsmidlar i avtaleperioden. Dette vil sikre finansiering av viktige tiltak i avtaleområdet.
3. I samband med omlegging av stamlinjenettet i Bergen vert prioritert å nytte 40-45 mill kr i belønningsmidlar til tiltak for styrking og forbetring av kollektivtilbodet i Bergen. Tiltaka skal ivareta direktestilbod mellom Åsane og Haukeland Universitetssjukehus (HUS) og Sandviken og HUS, sikre kapasitet og frekvens Loddefjord-Bergen sentrum i rush, og betre tilbodet Nipedalen/Gravdal som ikkje vert betent av forlenga trolleylinje.